



Demonstrantane prega korridorane i rådhuset i føremiddag. (Foto: Kristian Hus)

- Det finst grenser for kor langt inn i forfallet vi tillet politikarane å føra skulane våre og ved Rosendal ungdomsskule er grensa for lengst passert. Det seier lokallagsleiar i Utdanningsforbundet Bjørn Olav Tveit frå Uskedalen til innsida.no.

Torsdag føremiddag demonstrerte han og tilsette ved denne skulen, der det også går mange frå Uskedalen, for å visa politikarane i kommunestyret at det er nok.

Elever og lærarar ved skulen har i mange år sett skulen forfalla medan det i budsjettframlegget "ikkje finst fnugg av vilje frå politikarane til verken å snu eller bremsa utviklinga", som Tveit formulerer det.



Uskedelingen Bjarne Lilleaas (V) omgjeve av demonstrantar før kommunestyremøtet. (Foto: Kristian Hus)

Den urovekkjande stoda ved fleire av skulane i kommunen er grundig dokumentert, mellom anna gjennom rapport frå miljøretta helsevern og skulle vera godt kjend blant både politikarar og administrasjon i kommunen. Like godt kjend skulle det vera at skuleeigar har ein frist for utbetringar som er 15. februar 2008 for Rosendal ungdomsskule sin del.

- Vi stiller ikkje spørsmål ved effektiviteten til dei folkevalde, mykje kan gjerast på to månader. Men då treng dei pengar. Budsjettframlegget talar sitt tydelege språk: Rosendal ungdomsskule skal synke endå lenger ned i forfallet, seier Tveit.

Han peikar på at dette skjer i ein periode der skule og utdanning er i fokus som aldri før og der vi gjennom nasjonale og internasjonale prøver har sett korleis stoda er på viktige område innan den norske grunnskulen.

- Det er avgjerande å gje skule og utdanning auka status. Våre unge må sjå nytte og glede i si utdanning, og vaksensamfunnet må sende tydelege signal om at utdanning er høgt verdsett. Eit tak som lek sender ikkje slike signal, det gjer heller ikkje ein roten viduskarm eller ein avskalla murvegg.

Elevar og tilsette som må uroe seg over om inn klimaet er skadeleg for helsa, klarar ikkje å yte sitt beste, held lokallagsleiaren fram.

Han sleg fast at bygningane ved skulen signaliserer nøyaktig det motsette av det ein ynskjer og det er inga trøyst i spekulasjonar om framtidig endring i skulestrukturen i Kvinnherad.

- Struktursaka skal politikarane arbeide samvitsfullt og grundig med, men vi finn oss ikkje i at dette legg eit lok over ansvarleg drift av skulane i mellomtida, seier Tveit.



Bjørn Olav Tveit demonstrerer foran kommunestyremøtet i Rosendal torsdag føremiddag. (Foto: Kristian Hus)